



Høyringsinstansane

Etne, 13.03.2017

Dykkar ref.: **Vår ref.:**
Arkivsaknr:16/1248
Journalpostnr:17/2549

Arkiv:
N - 212.02

Sakshandsamar:
DGJ

Høyringsbrev deling av Enge ungdomsskulekrins og oppretting av interkommunal ungdomsskulekrins

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen.

Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

- a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til*
- b) det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning*
- c) varigheita på avtalen*
- d) reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
- e) anna som etter lov krev avtale.*

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.”

Etne og Odda kommunar oppretta i 2013 felles skulekrins for elevar frå Fjæra og Skare til Skare/Fjæra skulekrins.

Når elevar frå Fjæra i Skare/Fjæra skulekrins skal byrja på ungdomsskolen, er det ynskjeleg at dei får følgja klassekameratane til Odda ungdomsskule.

Kommunestyret gjorde i sak 102/15 vedtak om at Etne kommune skulle gå i dialog med Odda kommune om forskrift for gelles ungdomsskule for Fjæra og Odda. Komité Drift gjorde KD-sak 028/16 vedtak om at ny forskrift om felles skulekrins Odda/Fjæra ungdomsskulekrins vert sendt ut på høyring.

Ny forskrift vil gjelda frå 01.08.2017. Frå same dato vert Fjæra skulekrins skild ut frå Enge ungdomsskulekrins.



Elevar som pr. 31.07.2017 går på Enge skule (2 elevar 17/18 og 1 elev 18/19), vil ha Enge skule som nærskule resten av ungdomsskuletida.

Me dei elevae frå Fjæra som no går på Skare skule, vil det vera éin elev som skal gå på ungdomsskulen i perioden 2017-2020

Vedlagt er utkast til interkommunal ungdomsskulekrins.

Og utkast til forskrift for kva skule dei ulike områda i Etne kommune soknar til.

Ein bed om innspel på følgjande:

- Forskrift om interkommunal ungdomsskulekrins
- Utskiljing av Fjæra krins frå Enge ungdomsskulekrins
- Andre moment

Høyringsfrist er sett til 07.04.2017

Høyrings svar sendast på e-post til: firmapost@etne.kommune.no eller til
Etne kommune
Sjoarvegen 2
5590 Etne

Merk høyringsvaret med: «Høyring forskrift om interkommunal ungdomsskulekrins»

Med helsing

Dagfinn Garnes-Johnsen
tenestegådgeving

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Høyringsinstansar:
Innbyggjarar i Fjæra krins
FAU ved Enge skule
Utdanningsforbundet
Fagforbundet
Delta
Hordaland Fylkeskommune
SKYSS

Vedleggsliste:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.03.2017	2017 Forskrift om kva skule dei ulike områda i Etne kommune soknar til	1369556

Vedleggsliste:**Dok.dato**

13.03.2017

Tittel

Forskrift om
interkommunal skulekrins
for Odda
ungdomsskulekrins i Odda
kommune og Fjæra
skulekrins i Etne
kommune

Dok.ID

1369557

Kopi til:

DELTA

Fagforbundet

Hordaland Fylkeskommune

Marta Espeland Riise

Morten Odeen

SKYSS

Utdanningsforbundet Etne

Vivi Lundal